

VONI

Red. Otto Hiim 20.12.1928

Gamle skikkar og truer som knyter seg til jolehøgtidi.

Vinteren og myrkjetidi kom med stormvær og snøfok frå nord. Fjorden låg svart som ein avgrunn i uværskveldane. Og når stormrosene dura i natti levde han med blink og rar læte som ei myrkemakt. Men når dagen kom, låg han blygrå og tung og velte på det snøblanda vatnet. Og duren av byljerne som braut inni fjellskuggen låg yver bygdi som døyvd song. Bygdi låg upp til furumoane og bjørkeliene i nordaust. Fjelli klemde henne saman og skauv oddar og nakne nes langt ut i fjorden. Likevel var bygdi gamal. Kor lenge folk hadde butt der visste ingen. Men mange vintrar var lidne sidan fyrste røykstovene vart reist i skogslivdi. Nortveit-garden var den største i grendi og gardsfolket det rikaste i bygdi. Men det låg til Nortveitfolket å halde på det gamle. Alt som i ætta hadde vore, gøymde dei som gullet. Og dei heldt på gamle skikkar og truer som på skrifti.

Og kvart året då advent-vikorne leid, og jolehelgi stod for døri, var det som alt dette vakna med nytt velde. Det tykktest stiga fram or kvart løyndarkot og kvar krå i det store huset.

Og gamle Ola som sat i kubbstolen ved glaset helsa det som noko kjært og kjendt. Han hadde smaka på joleølet og var velnøgd med all verdi. Borni, han Svein og ho Mari, var gjengne ned frå garden med «uppskaka». Kvar husmann i grendi held seg heime den dagen då dei skok upp ølet på Nortveit. For han var unnleg viss på at ho Eli vilde hugsa han med ein skvett. Det var ofte han ikkje hadde råd til å bryggje sjølv.

Tri dagar fyre «todlessmessdagen» var viss bakedag på all gardane. Då var det elda upp i det store bakaromnen på Nordtveit. Og han varmde som godt i det kalde eldhuset at det var ein hugnad å vera der. Difor passa dei på med alt bakararbeid den dagen. Ola hadde sjølv slite heim frå byen den halvtunna med rug som trongst til bakingi. Meir kjøpte han aldri. Og han hadde sjølv mole rugen på kverni ved Dalsbekken og lese signingi yver mjølet.

Det var mange hender om helgestrævet der i tunet. Tvo plass-konor baka lefser. Kona og tenestjenta streva med tunebørDET, og drengen sat i ei krå for seg sjølv og mol havregryn. Det gjekk seint på den vesle kverni, men gryni skulde vera i jolegrauten og i mjølkesupa joledagen. Og ved tanken på jolegrauten med sirupskrusedullar på, måtte Per Djupet småsulla yver havregrynsdungen sin. Kjevli dura i det harde bakstebordet og leivane føydest ut og vart tunne som sjåar. Lefsene var smurde med råmjølk og skein som tiriltunga i eldskinet. Og tunebrødsleivane var mest endå staselegare å sjå til Dei var krota med ringar og rosor som den finast utskurd. Men dei var kje so gode som lefsene. Hu var av rugmjøl medan tunebrodi var av havremjøl, og berre hadde rugmjøl til «breimjøl».

God brød-gjeim fyllte rommet kvar gong omsdøri kom upp. Og dei nysteikte brødi låg so brune og sirupsblanke på plata at det var ei lyst. Kona måtte ha eit auga med omnen i stova òg. Her vart de rettelege helgedagsbrødi baka, dei som der var både sirup og søte-krydder i.

Men det var som bakt ikkje beit på ein slik dag. Rakt gjekk like radleg i eldhuset. Og det leid langt på kvelden då plass-konone gjekk heim, kvar med ei omnskaka under turkledet og eit mjølkespann i handi.

Dagen etter bakingi var jamnast slaktedag. Griseyl kvein frå kvar ei grend, og det lukta slag og einelåg lang leid. Flådde sauskrottar og skola grisar hang dingla i svolegapi. Inne i kjøknet på Nordtveit var det i eit rot. Trog fudle av tarmar stod mellom stampar med innmat i. Feithuvor og halve hovud låg på bordi. Og på krakkane stod fat fulle av blod som hadde levra seg. På gruva hang ei gryte full av sylterullar og koka so govet stod. Eli stod framfor eit svær trog og hakka talg til ljosi. Og uppi kroi rett under kola, stod Brita med blodute hender og laga blodpylsa. Det var reint ut ei slosing med mat. Det eine valt yver det andre. Og yver alt låg ein underleg gjem av løk, kokt innmat og «løypesø». Borni vann kje meir enn til å snikja etter godbitar. Og katten var so rund at magen gjekk mest rundt ham.

«Todlessmessaftan» var verste ståket undagjort, skrottane var sundlema og komne åt salt og stampar nedi kjellaren. Og i krukkor og kar låg pylsene, ljosraude kjøtpylsor, myrkraude blandpylsor og blodraude blodpylsor med flesk i. Og uppå loftet hang årsgamalt spikekjøtt, svart med gule feittfrynsor, og venta på slutten.

Men nede på kjøkenet i stova og eldhuset stod blodute bord og feittkline kjerald og venta på «todlessmessdagen» og vaskedagen.

Tidleg i «todlessmessotta» var kvinnfolki uppe. Ein såg berre den kvite ljorken yver snøen kvar gong dei svinta husimmelom med ei tyriflis eller ei skjålykt. Dei tok aldri meir enn ein dag til vaskingi, enda dei vaska både golv, vegger og taket med, når det ikkje var røykstova. Det fyrste som vart gjort um morgonen var å elda opp i «badstova». Til dette vart den turraste veden frå garden teken. For det skulle verta so heitt i «badstova» at alt liv som heldt til i ho måtte tynast. Det var lysene og loppene som var etla slik ein udaude. Fang etter fang vart borne ut og hivde inn i hiten. Og der låg dei til kvart eit lite liv var forsvarleg tynt.

Det trongst sterke armar til å skura dei trekvite bondestovone. Halmviskar sjoga i faste tak burtyver veggen, sanden gnura og gnog og reiv lorten burt so det skein i kvite timbra. Vatnet rann, dreiv langs armene og dreiv rundt føtene på dei som vaska. Men det vyrde dei ikkje. Og um kvelden når sengkledi var «døydde» og halmen ny og friskangande var det herleg å få leggja seg til kvila i dei reinskura romi. Då strakk gamle Ola Nordtveit seg godt under åkledet og signa joli, sengi og seg sjølv.

Jolaftan var på mange vis den mest annsame dagen. Tidleg i otta reis dei or sengi. Kona sjølv måtte ferda til dei sendingane som fattigfolket skulde ha. Det var mange som reiste rundt og bad. Dei fleste var folk frå bygdi. Men det kom og roande folk frå øyane og innante fjorden. Og alle måtte få. Det var fast skikk på Nordtveit at nådde kje det til-etla alle, tok Eli av det ho var meint på å ha sjølve. Og alle fekk likt, ein lefsekling eit tunebrød, ein omnskake, eit ljøs og ei skål mjølk. Og mangt eit «takk og pris» hadde ho fenge når armingane drog or tunet.

Tenestejenta koka alt kjøtet som dei skulde bruka joldagen. Feittet som ho skuma skulde vera til myljemiddagen. Til middagen måtte alt grovarbeid vera undagjort. For då skulde stova pyntast. Fin fjøresand vart strøydd på golvet, og yver dørene og sengi spikra dei grønte grangreiner. Dei venaste åklædi vart tekne or bruakistene og breidde yver senger og benker. I kveldinga skulde alle lauga seg.

Dei heldt til i «badstova». Men medan mennene var i «badstova», ferda kona til ein balje med varmt vatn inni stova. Og då mannen kom inn, vaska ho han i hovudet med den finaste såpa som i huset fants. Då mannen var ferdig skulde tenestegjenta vaska hovudet at drengjen i same vatnet. Men gamle folgestatten, bror hans Ola Nordtveit, fekk ingen til å vaska sin lugg. Og so let han det vera. Etter lauget måtte alle skifta klæde. Då vilde det syna seg om dei hadde fenge noko nytt. Hadde dei kje det, måtte dei bera «verahornet» og gå til spott og spe i helgi. Mannen fekk jamnast vestar eller halsklutar. Kvinnorne fekk huvor. Dei var av vadmål og utsauma i nakken med store ullgarnsrosor.

Då alle var pynta, skulde joli berast inn i stova. Mennene gjekk ut, og kona stelte seg upp attmed døri med ein fyllt ølbolle. Leid på kom mannen halande med eit trog, og baud god jul i huset. Joli bar han i troget. Kona baud han av ølbollen. Og då han hadde drukke av bollen, kom hine mennene òg, og tok kvar sin slurk. So gjekk kvinnorne ut og fann seg eit eller anna, helst ei kip, og bar joli inn i. Og fyrst når dei hadde drukke av bollen, var det jol i stova. Då vart grauten og lutefisken boren på bordet. Og huslyden åt med hugnad.

Jolnatti skulde ingen gå or stova. Alle skulde liggja inne. Dei bar inn halm og reidde flatsegner åt dei som det ikkje var plass til i sengene. Og heile den lange jolenatti brann ljosi til minne om Maria si vakenatt ved krubba.

Men det var ikkje alle som unde seg som freda ei jolenatt. Denne natti var det mange som freista lokka løyndommar or framtidi. Og det store spursmål var korleis den munde sjå ut, som dei skulle trøda brudevalsen med. Mykje rart kunde dei uppleva ved slike freistnader. Og det vart no trudd eller tvila på etter som det høvde. Men mange av slike sogor kan vera morosamme.

Ei gamal tenestegjenta hadde vorte leid av å gå lenger på det uvisse. Og for å få ein glytt inn i komande år hadde ho sett ei vasbytta inn i folgehuset som stod tomt. Jolaftan vilde ho få sjå mannen som lagnaden hadde kåra henne, ifall ho var nokon etla. Ho tok ei spik og bad ei av smågjentene i garden fylgja seg inn for å sjå. Då ho lyst oppi bytta, såg gjenta tydeleg ein heimevoven striput vekensvest og eit gråtafsute skjegg oppi bytta. Men med same tenestegjenta såg kven det var, sette ho i «aldri i verdi». Og ho køyrde tyrispiki lukt i bytta. Men meiner du kje ho fekk godhug for skjegget og vekensvesten seinare? Å jau.

Ein annan måte prøvde ei ung gjenta som tente hjå ein enkjemann. Ho spann ein lang tråd, kleiv uppå taket og firde han ned gjennom ljoren. Den ho skulde ta, vilde då koma og nappa i tråden. Gjenta kika ned gjennom ljoren. Og der stod sandeleg husbonden og drog i tråden. « Vil du grava deg vekk, må tru eg ser deg» sa gjenta, «Eg hev kje set tråden eg ein gong», sa husbonden forundra. Og då ho skulde sjå til sat han i andre enden av stova. Men då ho glytte på tråden, stod han der att. Då vart gjenta fæli og kom seg av taket i ein fart. Og ho kjende seg kje heilt trygg fyrr ho hadde vore for alteret med mannen.

Sume gjekk med ei skei usalta graut tri gonger rundt huset. Når dei so sette skeii i novi, kom den dei vart gift med i eit syn, og åt upp grauten.

Endå ein måte som det trongst sterke nervor til, var å sitja på «jolestolen». Dei sette seg på ein stol i låven, mo åleine midnattstid. På eit bord ved sida sette dei tri krus og eit ljøs, eit med vin eit med øl og eit med vatn. Når gjenta kom, vilde ho drikkja av eit av krusi og gå stilt ut att. Drakk ho av vatnet, vart dei fattige, drakk ho av ølet, vart dei velstandsfolk og drakk ho av vinen vart dei rike. Dersom

guten ingen skulde få, vilde eit beinrangel visa seg for han. Det same hende ifall han snart skulde døy. Ja, ein såg jamvel likkista koma deisande inn på låvegolv.

Joledagsmorgonen vilde ingen av konone vera den fyrste som nørde upp varme. For det førde ulukka yver. Mannen sjølv gjekk ut og såg på kvistene. Var dei snaua var han budd på uår. Men var dei byrda, anten med rein eller snø, kunde ein venta rikt år. Og då kunde han med lett hug hengja jolebandet uppi tuntreet.

Alle som kunde koma seg i veg var til kyrkja joldagen. Når kyrkjefolket kom heim var middagen ferdig. Det var fast skikk at middagsmaten var lutefisk og mjølkesupa. Når lyden hadde sete seg til bords song dei ein salme, anten «Eit lite barn så lystelig» eller «Jøde Jesu Davids rod»

Fyrst um kvelden var det rettelege festmålet. Det var kjøtmat av den beste huset åtte. Joledagen kunde ingen gå på vitjing. Det var uhøvisk. Men andre dagen byra lagi og moroi. Og dei kunde ofte vara mange nok. Ofte gjekk det vilt til med drikking og slåsting. Og ein kunde snarare tru at det var eit botgilde enn eit jolegilde. Lagi og «morokveldane» kunde vara kvar dag som helst imillom jol og nyår. Men nyårsaftan skulde kvar huslyd helst halda seg hjå seg sjølv. Då tok ein av dei eldste i laget salmeboki og song. Eg kann så vidt minnast at bestemor gjorde det. Kvar gong stjernorne lyste gamleåret til kvila, song ho: «Kom hjerte ta ditt regnebrett, skriv opp ditt livsens dager» Det klang så høgtidsamt og opna oss ei underleg uklår verd. Og i denne dulde verdi sat bestemor med reknebrettet, medan ei hand liksom tøygde seg or minneskodda og rita dei rimor og underlege teikn som var skriven i livsens bok.

Tl.